

# Intensjonsavtale

Mellom

Hordaland fylkeskommune (HFK)

Og

Bergen kommune (BK)

## 1. Innleiing og intensjon

HFK forvaltar og driftar i dag kollektivtrafikken i Hordaland gjennom eininga Skyss. 88% av Skyss sine reiser er retta mot Bergensområdet og det er difor ønskjeleg med eit formalisert samarbeid mellom HFK v/Skyss og BK om drift av kollektivtilbodet.

Det er ønskjeleg frå begge parter å styrke samhandlinga om forvaltning og utvikling av kollektiv- og mobilitetstilbodet til innbyggjarane.

Partane vurderer at denne samhandlinga best kan skje ved at Skyss vert utskilt og omorganisert til eit selskap med felles eigarskap. Som alternativ til eit felles selskap vil det kunne bli vurdert eit utvida avtaleverk.

Denne intensjonsavtalen skal danne grunnlaget for utarbeiding av endeleg avtale og vedtak om å etablere eit felles selskap. Vedtaka vert gjort i fylkesting og bystyre. Selskapet skal vere operativt frå 01.01.20. Vedtekten skal godkjennast av fylkesting og bystyre.

## 2. Bakgrunn for intensjonsavtalen

Lov om overføring av ansvar for kollektivtransport trer i kraft 1.1.2020. Ein kommune kan etter denne lova søke å få overført ansvaret for «kollektivtransporttilbodet innenfor kommunens grenser». Lova § 2 listar opp vilkåra for å få innvilga ein slik søknad:

«§2 Overføring av ansvar for kollektivtransport og vilkår for overføringen

Kongen i statsråd kan vedta overføring av ansvar for kollektivtransport fra fylkeskommunen til kommunen dersom kommunen kan dokumentere at den:

- a) omfatter et område som utgjør en felles bolig-, arbeids- og serviceregion
- b) har et tilstrekkelig markedsgrunnlag til å kunne gi befolkningen et ønsket kollektivtilbod innenfor en samfunnsøkonomisk akseptabel kostnad og
- c) har et samarbeid med fylkeskommunen om å sikre et helhetlig rutetilbud.»

Fylkestinget fatta i sak 105/2017 (12. desember 2017) følgjande vedtak:

«Fylkestinget ber fylkesrådmannen komme med sak i løpet av 2018 om å omstrukturera Skyss til mobilitetsselskap. Dette vil gje meir kraftfull, heilskapleg satsing på gange, sykkel og kollektivsatsing i fylket .»

I fylkesutvalets møte 11. april 2018 vart det i sak 77/2018 gjort følgjande vedtak:

«Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen leggje fram ei utgreiing om alternative organisasjonsformer for Skyss som ivaretak behovet for endra ansvarsområde og eit tettare samarbeid med Bergen kommune om kollektivtrafikken i Bergen.  
Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen også vera i tett dialog med dei andre kommunane i fylket.»

I den politiske plattformen og tiltredelseserklæringa til byrådet står dette::

«Skal Bergen sikre bærekraftig vekst, må kollektivsystemet bygges ut. Byrådet vil jobbe for et tettere samarbeid med fylkeskommunen om utviklingen av kollektivtilbudet. Det er ønskelig, især i lys av den varslede kommune- og regionreformen, at Norges nest største by får mer innflytelse på utviklingen av rutetilbudet.»

### **3. Hovudmål**

Samarbeidet om eit felles selskap på kollektiv- og mobilitetsområdet skal ha som hovudmål å sikre eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem som fremjar mobilitet for befolkning og næringsliv. Veksten i persontransporten i Bergensområdet skal tas med kollektiv, sykkel og gange.

### **4. Delmål**

Samarbeidet om eit felles selskap skal ha følgjande delmål:

#### **Kollektiv- og mobilitetstilbod som speglar behovet til innbyggjarane**

Ein organisasjon som er felles eigd av HFK og BK vil gjennomføre tiltak i høve prioritering av dei store reisestraumane i Bergensområdet slik at ein sikrar at tilbodet speglar innbyggjarane sitt behov for mobilitet, samt sikrar eit samanhengande grunntilbod i heile fylket. Dette er i tråd med vedtatt kollektivstrategi for Hordaland.,

#### **Demokrati, styring og gjennomføringsevne**

Dei folkevalde vil ta avgjerder for kollektivtilboden på strategisk nivå (overordna rammevilkår) . Styring av selskapet skjer gjennom eigarstrategi, aksjonæravtale, rammeavtale og årlege leveranseavtaler. Dette alternativet vil gje styrka eigarstyring og større nasjonal gjennomslagskraft samt auke taktisk handlingsrom for selskapet. Eit felles selskap vil leggje til rette for tydelege roller og ansvar og korte beslutningsvegar. Forvaltninga av selskapet må i tråd med KS sine tilrådingar skje gjennom eit fagleg samansett styre.

#### **Føreseieleg økonomi**

Klåre rammeavtaler og årlege leveranseavtaler vil verke effektiviserande og dermed frigjere ressursar som kan styrke drifta av kollektivtrafikken. Fokuset på god effektivitet og økonomi vert styrka slik at ein har moglegheit innanfor tydelege rammer å skaffe seg handlingsrom for å auke inntektene og redusere kostnadene.

#### **Sterkt fagmiljø og innovasjon**

Eit felles selskap vil gje gode føresetnader for å behalde og vidareutvikle eit sterkt og attraktivt fagmiljø. Ei slik løysing vil leggje til rette for å bygge eit sterkt fagmiljø innanfor områda digitalisering og kombinert mobilitet. Eit selskap med felles eigarskap vil bygge opp og halde vedlike eit fagmiljø som har tilstrekkeleg innovasjonskompetanse og evner å inngå gode samarbeid med andre større og relevante aktørar.

## 5. Eigarskuktur

Partane legg til grunn eit selskap med delt eigarskap. Selskapsform, vedtekter, eigarskap og styrerrepresentasjon må framgå av endeleg avtale mellom partane, jf. pkt. 9.

## 6. Finansiering

Dagens finansiering av drifta av kollektivtilbodet skjer gjennom tilskot frå HFK, billettinntekter og belønningsmidlar. For å løyse framtidig finansiering av kollektiv og mobilitetstilbodet og nå uttalte målsettingar vil eit felles selskap gje større tyngde og nye moglegheiter til nye finansieringsløysingar.

Selskapet skal sikre god balanse mellom tilskotsbehov og mobilitetsbehov mellom Bergensområdet og resten av fylket.

## 7. Tilsette

Dei tilsette sine rettar vil bli ivaretatt etter arbeidsmiljølova sine reglar om verksemどsoverdraging og i tett samarbeid med dei tillitsvalde i samsvar med Hovudavtalens reglar. Dei tilsette sine pensjonsvilkår må avtalast særskilt.

## 8. Vilkår i endeleg avtale

Partane er samde om å arbeide vidare mot ein endeleg avtale om felles selskap. Denne avtalen skal som minimum innehalde følgjande:

- Eigarskapsstrategi
- Avtale på aksjonærnivå
- Ramme- og leveranseavtale som styrer verksemda og årlege leveransar  
Prinsipp for samhandling med kommunane i fylket


I tillegg må følgjande avklarast:

- Rettar for tilsette spesielt med omsyn til pensjonsrettar
- Avgiftsmessige forhold knytt til MVA

Med etterhald om politisk godkjenning.

Bergen  
16. november 2018

Hordland fylkeskommune

  
Ingrid Holm Svendsen  
fylkesrådmann  
*Konf.*

Bergen kommune

  
Robert Rastad  
kommunaldirektør